



Statens vegvesen
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1546 - 19/11195

Saksbehandlar:
Olaf Michal Hella
olaf.hella@radoy.kommune.no

Dato:
15.07.2019

Vurdering og oppgradering av haldeplassar i Radøy kommune

Radøy kommune i Hordaland har motteke bekymring frå foreldre som har barn som tek buss langs Solendvegen i Radøy kommune og skal vente på bussen ved Li haldeplass. Dei seier det er mykje tungtransport langs vegen og meiner det er lite tilrettelagt for barn å vente på buss der.

Dei legg fram at å setje opp busstur er eit alternativ.

Radøy kommune har våren 2019 hatt ein gjennomgang av farleg skuleveg i heile kommunen utført av Norconsult. Dei har ved gjennomgangen gjort vurderingar av nokre halseplassar. Konklusjonen deira er:

«4 Haldeplassar

For skuleelevar som bur utanfor 4 km grensa og som uansett har rett til fri skuleskyss er det vegen fram til busshaldeplass og sjølv busshaldeplassen som bør vere trafikksikre for skuleelvane. I dette prosjektet er det ikkje gjort ei slik vurdering. Det er kun strekningar innafor 4 km grensa som er vurdert.

Innafor 4 km grensa er det fleire av haldeplassane som ikkje oppfyller krav til utforming etter Statens vegvesen sine handbøker og/eller Skyss sin «Malverk for holdeplasser» (Hordaland fylkeskommune v/ Skyss, 2015). Dette gjeld også avstand mellom haldeplassane. For å sikre tryggleiken til elvane som skal nytte haldeplassane er det særskilt viktig å legge til rette for godkjente og trygge for ventearial i samband med haldeplassen. Det er ein stor fordel med leskur på haldeplass, men behovet for dette kan vurderast nærare på kvar stad.

For å få ei oversikt over alle haldeplassane og ei vurdering av desse, er det tilrådd å gjennomføre ei eiga kartlegging med forslag til eventuelle tiltak på haldeplassane i kommunen.»

Vår vurdering er at trafikkbiletet har endra seg dei siste åra. Radøy kommune ber hermed Statens vegvesen vurdere og setje inn tiltak på vegnettet slik at det stettar kravet for trygge haldeplassar på riks- og fylkesvegar i Radøy kommune.

Med helsing

Olaf Michal Hella
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 8142 Dep

0033

OSLO